

## Todalen Grendalag – lyst til å bidra?



I fjor vart Todalen Grendalag (org.nr: 921156073) oppretta som arvtakar til PT-utvalet. I samband med nytt år er det tid for å velja nytt styre til det nyoppretta laget. Årsmøte vil bli heldt i løpet av mars. Målsetninga for Todalen Grendalag er å:

*«Arbeide for bygdas beste, her under: auke innbyggjartalet/tilflytting til bygda, sikre noverande arbeidsplassar, støtte og hjelpe til ved etablering av nye verksemder/arbeidsplassar, arbeide for å utvikle sosiale og kulturelle aktivitetar, drive offensivt informasjonsarbeid og marknadsføre bygda og vere eit hørings- og samarbeidsorgan ovanfor kommunen.»*

Er dette noe du kunne tenkt deg og bidrege til? Da er det bare å ta kontakt med:  
Laila Kvendset Bergli (930 83 455/laila.kb@shhas.no) eller Terje Nordvik (913 38 052/terjen@todalen.no).

Meir informasjon kommer når årsmøtet nærmar seg.